

## Stadnamn Foldrøyhamn 2022

Nr.	Namn	Gr.nr	Br.nr	Kartrute
1	Tangene Gard nr. 39 Garden ligg heilt nord på neset som stikk ut i Innvær fjorden. I vest og nord grensar garden til Innvær fjorden. I aust til Juskevik. Garden var opphavelig plass under Under-Flatnes. Har vore sjølvstendig gard siden 1890.	39	1	A1
2	Juskevik Gard nr. 38 Garden ligg nord på neset som stikk ut i Innvær fjorden og grensar til denne i nord. Gards nr. 114 i øst. I sør grensar garden til Under-Flatnes. Tongane er grannegard i vest. Garden er ikkje gamal. Opphavelig var han plass under Under-Flatnes. I 1852 vart Juskevik utskilt som eige bruk, og i matrikkelen 1890 er Juskevik oppteken som sjølvstendig gard. Gardsnamnet er vanskeleg å tyda. Ein kan gissa på at vika som garden ligg ved vart heitande Jydskevik etter ein Jyde (danske) som har vore med skipet sitt, men tydinga er uviss. Namnet har alltid vore skrivne Juskevik. Dagleg namnet er Juskevikjo. I 1886 er Tongane og Juskevikjo nemnde under eit.	38	1	B1
3	Tverrbekken Bekken som rann tvers over «landet»	39	1	A1
4	Krokvatnet Vatnet har ei krokete form	36	5	A2
5	Heddene Namnet kjem av høgdene i terrenget.	36	3	B2
6	Juskevik dalen	36	3	B2
7	Heimaneset Neset som låg nærast heimegarden	36	5	B2
8	Skitnadalstjødno Tjødna som ligg i enden av Skitnadalen.	36	5	B2
9	Skitnadalen Namnet kjem av den blaute myra som dalen går gjennom. Ein vart skiten av å gå over denne myra.	36	5	B3
10	Danskemannsberget Fekk namnet då ei dansk seglskute rende på her ei mørk skodde natt.	36	3	C3
11	Gullringuro Ein veit ikkje sikkert kvifor ura har fått dette namnet. Ein mogleg teori er at nokon har mista eller eventuelt funne ein gullring i denne steinrøysa.	36	3	C3
12	Hidleren	36	1	C3
13	Flatnes	36	1	C3
14	Ramnabergåsen Åsen over eit berg som var ein populær tilholdstad for ravnar.	36	3	A3
15	Heggråbråtet Bratt stup med små avspring oppe i bergsida der mange hegrar har reir.	36	3	A3
16	Eiauro Uro ned til Eide	33	3	A3
17	Eidet Flate mellom bakken og sjøen	84	3	A3
18	Eiabekken Bekken frå sjøen til Mækjebakksvatnet	33	1	A3
19	Trø	84	3	A3
20	Grasskår Namn etter grasset som vaks her.	36	1	A3
21	Råtatjødno Svært djup tjødn. Ein kunne ikkje gå på isen om vinteren.	36	5	B3

Nr.	Namn	Gr.nr	Br.nr	Kartrute
22	Bjørkåsbrekko Stigning i terrenget mot Bjørkåsen	36	3	B3
23	Treet	36	1	B3
24	Bjørkåsen Ås der det vaks mykje bjørk.	36	3	B3
25	Revabåsen På denne staden fanga ein rev i gamle dagar. Ein narra reven inn i ein trong bås som han ikkje kom seg ut av.	35	3	B3
26	Smalhusdalen Dalen har namnet etter eit gammalt sauefjøs som stod her tidlegare.	35	3	B3
27	Velto Stad der dei velta tømmeret utfor.	36	3	B3
28	Båtaviksåsen Åsen over Båtavikjo	36	1	B3
29	Båtavikneset Neset attmed Båtavikjo	35	15	B3
30	Båtavikjo Her lende dei når dei var i skogen og veda.	35	15	B3
31	Litla bydn Ein stad med fine grøne busker. Skilde seg ut frå resten av terrenget.	36	1	C3
32	Vestra myro	36	5	C3
33	Austra myro	36	5	C3
34	Løsekjo Ein flat bakkje ved løa.	36	1	C3
35	Gamle stølen Her har det budd folk sidan 1803.	36	3	C3
36	Søra-Baltzeren Har fått namnet etter husmannen som rydde plassen.	36	3	C3
37	Nora-Baltzeren Har fått namnet etter husmannen som rydda plassen.	36	3	C3
38	Vodl	36	1	C3
39	Vard`n Varden som står her vart truleg brukt til å gi signal om krig og ufred.	36	1	C3
40	Hanselineteigen Hanseline var ei legdejente som det var litt mindre med. Ho fekk tilvist ein teig som ho skulle slå. Denne teigen fekk då namnet Hanselineteigen.	36	1	C3
41	Løhaugen Haugen attmed løa.	36	3	C3
42	Ringaneset Har fått namn etter fortøyningsringane som er her.	36	1	D3
43	Høgestølen	36	1	C3
44	Kompassrosa Kompassrosa er ein sirkel med piler inni, som er hoggen inn i berget på Høgestølen over Foldrøyhamn. Merket ble oppdaget i 1890 åra, og er trolig frå 1400 – 1500 talet. Nord er markert med ein trekant i kompassrosa. Frå punktetter kompassrosa ligg, var det godt utsyn over leia mot Bergen.	36	1	C3
45	Fjossekjo/ Løsekjo Ein flat bakkje (seka) ved løa.	36	1	C3
46	Larsaplasset Husmannsplass som har fått namn etter ein som budde der.	36	3	C3
47	Sandvegen Vegen som var sandlagt	36	1	C3
48	Ellingsholmen			C3
49	Foldrøyvatnet			
50	Hamnavatnet Søre delen av Foldrøyvatnet	36	1	C3
51	Bessen sit skjer Eit lite skjer i Hamnavatnet.	35	3	C3
52	Ellingstreholmen Holme med tilknytning til Ellingstre	35	15	C3
53	Vassnaustet	36	1	C3

Nr.	Namn	Gr.nr	Br.nr	Kartrute
	Før stod det et naust ved Hamnavatnet, (Foldrøyvatnet)			
54	Litla kleivo	36	1	C3
	Bratt stigning i terrenget			
55	Ostrabakkjen	36	1	C3
	Gammal buplass frå steinalderen. Helleren er 10 m brei, 2 m djup og kring 5 m høg. Ein har funne østers på denne staden. (Oster=Østers). Det var mat for dei som levde her.			
56	Elvebakkjen	36	1	C3
	Bakken ved elva som renn frå Hamnavatnet,(Foldrøyvatnet) til sjøen			
57	Under-Flatnes Gard nr. 36	36	1	C3
	Garden ligg lengst i nord i Moster Sokn, på neset mellom Innvær fjorden og Stokksund. Næraste grannegarder er: i aust Follerøyholmen, i sør Follerøy øvre, i vest Mækjebakken og i nord Juskevik. Garden er ikkje gamal, truleg frå mellomalderen. Truleg opprydja under Follerøy øvre. Gardsnamnet er eit av dei merkelegaste i Bømlø. Ikkje nokon veit opphavet til namnet. Det finst berre i kjeldeskriftene, og har så langt attende folk veit, ikkje vore brukt mellom folket i bygda. Daglegnamnet er Foldrøyhamn. Gardsnamnet vart skrive mykje likt gjennom tidene: 1646 Wnder Flatnes, 1657 Vnderflatnes, 1661 Wnder Flatnes, 1668 Wnder Flatnesz, 1682 Flatnes, 1696, Nedre Flatnes og Under Flatnes, 1699 Vnderflatnes, 1715 Underfladnes, 1738 Under Fadness, 1838 Under-Flatnæs. Under garden låg husmannsplassa Tongane og Juskeviko, som vart skyldsette som sjølvstendige gardar i matrikkelen 1838. Dessutan Gamlestølen og Træ. I dag har garden namnet Under-Flatnes Foldrøyhamn.			
57a	Stabbursbakkjen	36	1	C3
	Tidlegare stod det eit stabbur på denne bakkjen			
58	Stabburssteinen	36	1	C3
	Stein ved stabburet.			
59	Søra strando	36	1	C3
	Stranda sør for Foldrøyhamn			
60	Nora strando	36	1	C3
	Stranda nord for Foldrøyhamn			
61	Bankhammaren	36	3	C3
62	Paddl	36	3	C3
	Liten, grøn, flat bakkje.			
63	Foldrøyhamn	36	1	D3
	Link til : <a href="#">Historie frå Foldrøy   Foldroy.no</a>			
64	Fyrklubben	36	2	D3
	Tidlegare stod det ei fyrlykt her. Både fyrlykta og fyrmeistar bustaden er flytta vekk derifrå. Men deler av trappa som gjekk opp til fyret kan ein enno sjå. Litt av grunnmuren til fyrlykta kan ein også sjå.			
65	Foldrøyholmen. Gard nr 34 <a href="#">Se eget kart for stadnavn på holmen</a>	34	1	D3
	Follerøyholmen øvre, ligg på holmen av same namn i nordre ende av Moster sokn, ut mot Stokksund i aust. Grannegarder er Folderøy og Ørevik i vest. Garden var opphavsleg plass under Follerøy øvre. Om namnet og namnetyding sjå under Follerøy øvre. Daglegnamnet er Foldrøyholmen. Holmen var og kalla Visterholmen, etter tollvisitørane som budde der, og var tollpost under Eldøyno. Jakob Folgerøholm, far til Jan Willy Folgerø-Holm, kjøpte garden i 1903. Han dreiv sildesalteri og røykeri, og hadde opp til 15-20 mann i arbeid. I 1933 flytte han verksemda over til Foldrøysjøen. Jakob var og steinhoggar og murar, og dreiv ymse andre verksemder, m.a. Hermetikkfabrikken Holm A/S Foldrøyholmen vart fraflytta i 1963.			
66	Mækjebakksholmen	34	1	A4
	Holmen i Mækjebakksvatnet			
67	Mækjebakksvatnet	36	1	A4
68	Åspesmåget	36	1	A4
	Liten senking i terrenget = småg. Osp=Åsp.			
69	Lonebråtet	34	1	A4
70	Tjødnø/ Mekjebakktjødnø	36	1	B4
71	Tjødnalio	36	1	B4
	Lia som går opp mot Tjødnø			
72	Råtamyro	35	4	B4
	Namnet kjem av at ein sokk ned i myra om ein gjekk utpå her.			
73	Ellingstreneset	35	15	C4
	Odde med tilknytning til Ellingstre			

Nr.	Namn	Gr.nr	Br.nr	Kartrute
74	Sundet Sundet mellom Hamnavatnet og Bakkavatnet ( i Foldrøyvatnet)	35	15	C4
75	Bakkavatnet Søre delen av Foldrøyvatnet	35	4	C4
76	Løkjén Slett jamn flate med mykje væte, ein roleg bekk.	35	4	C4
77	Storevier`n Det vaks store og høge vier her.	35	4	C4
78	Foldrøy gamle kyrkjegard Foldrøy gamle kyrkjegard er ein særprega gravplass som har vore nytta i fleire periodar. Rundt 1900 blei gravminna fjerna og murane påbygde i høgda. Så blei det fylt i eit nytt lag med jord, og kyrkjegarden blei tatt i bruk på nytt.			C4
79	Bakkasåto Ein haug på bakken	35	4	C4
80	Ellingstre Liten plass der ein som hette Elling har budd.	35	4	C4
81	Larsatre Plass som er oppkalla etter ein med namnet Lars.	35	4	C4
82	Bakkjen	35	4	C4
83	Treshaugen Haugen oppom eit spesielt tre.	35	4	C4
84	Follerøy Øvre Gard nr 35 Garden ligg i nordre ende av Moster sokn, ut mot Stokksund i aust. Grannegardane er Follerøyholmen i aust, i sør Ørevik og Sætre indre, i vest Mækjebakken og i nord Under-Flatnes. Follerøy er ikkje ein serleg gammal gard, men truleg den eldste på denne kant av bygda. Gardsnamnet er ikkje lett å tyda. Namnegranskarar har gissa på at garden har fått navn etter Foldrøyholmen, som ligg attmed garden. Dette er lite trole, avdi holmen knapt kan kallast ei øy. Ein kan gissa på ein annan tolkning. Daglegnamnet på garden i dei næraste bygdene er Foldrøy, men i grannebygdene Fitjar, Stord og Valestrand seier dei enno Fådlarøy (eller Vådlarøy). Etter denne uttalen må me tru at den gamle forma har vore Vadlarøy. Gardsnamnet har alltid vore skrivi mest likt. I 1611 Follerøenn og Follerø, i 1612 Folgereidt, i 1615 Follerød, 1617 Folgereid, 1618 Follerødt, 1620 Follerøen, 1628 Folderøenn, 1631 Foldereid, 1632 Folderøe, 1637 Folderøen, 1634 Folgerøe, 1628 Follerøy, 1691 Follerøyen, 1723 Folerøen, 1775 Folgerøen, 1890 Follerøen. Namnet på garden blir nå skrivi Follerøy øvre. Daglegnamnet på garden er nå Folderøy og Fodlarøy.	35	1	C4
84a	Jerngrindo Grind frå fyrklubben som er plassert i stien mellom Foldrøy øvre og Bakken	35	1	C4
85	Spannstigen Før var ein skyldig til å betale tiend til kyrkja. Denne vart betalt i form av smør eller liknande. Det er sagt at presten kom til denne staden og samla inn spanna med tiend i. Teigen har fått namnet Spannstigen etter dette.	35	1	C4
86	Svarta juve Mørk bergheller	36	1	C4
87	Stora kleivo Bratt stigning i terrenget	36	1	C4
88	Storåker`n Fint jordbruksland etter dei forhold som rådde her.	36	1	C4
89	Torvhusbråtet Ein lagra torv i eit hus som stod her tidlegare. Torvhuset låg nær ein bratt skråning.	35		C4
90	Tommåsplasset Husmannsplass. I dag har brukarane kalla plassen for «Rulleberg»	35	1	C4
91	Ellingssåto Haug, høgdi i terrenget med tilknytning til ein person med namnet «Elling»	35	1	C4
92	Gjertaplasset Gammal husmannsplass. Oppkalla etter ein husmann som budde der.	35	1	C4
93	Kypershaujen	35	3	C4

Nr.	Namn	Gr.nr	Br.nr	Kartrute
-----	------	-------	-------	----------

	Det er fleire teoriar om kvifor plassen har fått dette namnet. Det skal ha vorte tappa øl her i gamle dagar. Han som tappa heitte då Kypers. Ein annan teori er at det vart lagga tømmer her.			
94	Kyperskjeldo Kjeldo attmed Kypershaujen	35	3	C4
95	Sørvik Vika sør for Foldrøyhamn	36	1	D4
96	Sørviksbakkjen Bakken ved Sørvik	36	1	D4
97	Johanedalen Dal, som har samband med ein som heite Johan.	35	3	D4
98	Bjørnabærholo Stad der det vaks sær sars mykje bjørnebær.	36	2	D4
99	Åsmandskleivo Bratt stigning. Tilknytning til ein som heite Åsmund.	36	2	D4
100	Nausthaujen Haugen ved naustet.			D4
101	Nausthammaren Bergnabben som stikk ut i sjøen ved naustet.	35		D4
102	Kriståfarplasset Også kalla «Hålo» eller Foldrøyplasset. Gammal husmannsplass. Fått namn etter ein som budde der.			D4
103	Hermetikk fabrikk Holm A/S Jacob Folgerøholm dreiv sildesalteri og røykeri på Foldrøyholmen, og hadde opp til 15-20 mann i arbeid. I 1933 flyttet han verksemda over til Foldrøysjøen.	35	1	D4
104	Foldrøysjøen	33	1	D4
105	Ørevikneset	33	1	D4
106	Litlanese	33	1	D4
107	Hundaholo	33	1	D4
108	Småsåtane	33	1	D4
109	Storanese	33	1	D4
110	Ørevikjo	33	1	D4
111	Ørevik preservering Monrad og Johan Ørevik dreiv Ørevik Preservering. Dei la ned krabbe i hermetikk boksar, som dei gav fabrikknamnet «Juvel»	33	1	D4
112	Plassasjeret	33	1	D5
113	Nora Teineneset	33	1	D5
114	Ørevik Gard nr 33 Ørevik ligg i nordre enden av Moster sokn, mot Stokksund i aust, i sør grensar garden til Sætre indre, i vest og nord til Follerøy øvre. Gardsnamnet er tolka soleis at det gamle namnet har vore «Elrivik» av «elri», ein stad der det vaks older. Ørevikjo er ein grunn vik, der stranda ligg turr ved fjære sjø. Ein liten bekk renn ut i vika. Ein kan då tenka seg at namnet har fått namn etter fjæra, ei «øyr» som no garden har fått namn etter. Monrad Ørevik kjøpte eine halvta av bruket i 1949 og andre halvta i 1974.	33	1	D5
114a	Ekra	33	1	D5
115	Teineneset Nes der det har vore fiska etter krabbe	33	1	D5
116	Gygra vassmyro Gygra er synonym til trollkjerringa. Det gjekk eit sagn om at ei trollkjerring vassa over denne myra.	33	1	D5
117	Lusasteinen Ein ru stein. Det såg ut som det var utøy på han.	33	1	D5
118	Sletthaujen Lang slett flate på eit høgdedrag	34	1	C5
119	Nessflaten	33	3	D5
120	Syndarsvikjo Eit merkeleg namn. I gamal tid henta ein tang og tare her. På grunn av krangel om kven som hadde rett til å henta denne taren (som vart nytta til gjødsel), fekk vika namnet sitt.	33	3	E5
121	Norda Skogadalsvika	33	2	E5
122	Fænarekke Gamal veg frå Nora Skogadalsvika	33	2	E5

Nr.	Namn	Gr.nr	Br.nr	Kartrute
123	Træet Nede ved sjøen	33	2	E5
124	Storhaugen Nemt i 1868 då husmannsplassen Skogadalen vart delt i to	33	2	E5
125	Bjørkelund Gard nr. 32/ 3	33	3	E5
125a	Hermann bakkjen	33	3	E5
126	Kampesteinen	33	1	D6
127	Skogadal Gard nr. 32/ 2 Skogadalen var opphaveleg plass under Ørevikjo. Plasset låg i søre enden av garden, til skiftes med Sætre indre.	33	2	D6
128	Stovehaugen Vestom gamlastovo	33	2	D6
129	Stølen Høgda sørom gamlastovo	33	2	D6
130	Søra Skogadalsvika	33	2	E6
131	Bakkaflekkjo Bakken aust om gamlastovo.	33	2	E6
132	Bakkasjøen	32	3	E6
133	Normandie.	33	8	D5
134	Stølane	35	2	C5
135	Utsikten	34	20	C5
136	Stemmedalen Tidlegare stod det ein kvern her. Ein demde då opp vatnet så ein fekk driva kverna.	35	2	C5
137	Stemmedalsvatnet Vatnet som vart demt opp.	35	25	B4
138	Foldrøy nye gravlund Utskilt frå bruk nr 4 i 1960	35	2	C6
139	Gjerdsåmyro Myra som strekker seg innover mot Gjerdsåsen	35	2	C6
140	Gjerdsås tjødno	35	2	C6
141	Skåtåsen Har namn etter tømmeret som vart skåta utfor her.	35	3	B5
142	Skåtbekken Bekken som renn frå Skåtåsen og ned i Foldrøydalen.	35	1	B5
143	Olderdalen Dal der det veks older	35	1	B6
144a	Kvigemyro Det går ein historie om at ein kvige sokk ned i denne myro.	34	1	A5
144	Dåshaugsmyro Myr, der graset/ lyngen mest alltid var fuktig.	35	1	A5
145	Dåsen Stad der graset/ lyngen mest alltid var fuktig =dås. Derav namnet.	35	6	A5
146	Bottilsbrekko	84	5	A5
147	Klypet Der Foldrøydalen er på sitt smalaste	109	11	A5
148	Grønabrekko	109	12	A5
149	Landiåsen	109		A5
150	Landiåsmyro	84	6	A6
151	Baståssmogje	84	3	A6
152	Grøvlo	84	8	A6
153	Flatamyro	84	6	A6
154	Søregardskulten	84	8	A6
155	Kyrkjeliåsen	84	5	A6
156	Bakken Plasset låg nordaust for hovedbruket, ned mot Stokksundet. Namnet Limomnsbakken, som er det gamle namnet, har plasset fått truleg fordi her har vore limomn, eller kalkomn, der ein har brent kalk. Her var god tilgang på ved.	32	3	E6
157	Store steinen Stor stein nede i sjøkanten i ei lita vik	32	3	E7
158	Hønse haugen	32	5	E7

Nr.	Namn	Gr.nr	Br.nr	Kartrute
	Haug med hønsehus			
159	Solheim	32	4	E7
160	Solheimsjøen	32	4	E7
161	Lynarhaugen	32	1	E7
162	Lindedalen	32	1	D7
163	Furudalen	32	1	E7
164	Furuhaugen	32	1	E7
165	Setrasjøen	32	1	E7
166	Setravikjo	32	1	E7
167	Setraneset	32	1	E7
168	Storsteinshaugen	32	1	D8
169	Holeheia	32	1	E8
170	Holemyrane	32	1	E8
171	Hålo/ Sandvegen	32	1	E8
	Husmannsplasset låg i sørre enden av garden ved grensa til Myro, Spissøy nedre.			
172	Holevika	32	1	E8
173	Holevikneset	32	1	E8
174	Sørahols Haugen	26	5	E8
175	Søra Holo	26	5	E8
176	Grønaneset	26	5	E8
177	Revuro	26	5	D8
178	Myro Gard nr. 26/5	26	5	E9
	Myro er utskilt frå gard nr. 26, Spissøy nedre. På sørsida av Baståsen og ned mot Stokksund, ligg Spissøyteigen. I Spissøyteigen vart det opprydja eit plass, kalla Myro, som seinare vart utskilt som eige bruk.Ole Andreas bygsla i 1884. I 1921 kjøpte han plassen, som då vart utskilt og kalla Myhre.Ole Andreas Myren, Spissøy nedre, født 1857, sette opp eit sjøhus nede ved Myrasjøen. Der dreiv han med røyking av sild, som han selde til Bergen. Han hadde over 10 mann i arbeid i den mest travle tida under vintersild fisket. Etter 1920 tok dette arbeidet slutt. Ved dødsboauksjon i 1936, vart sjøhuset seld til Lars Innvær som sette det opp på Innvær, der det fortsatt stod i 1981.			
179	Høgåsen	26	4	D9
180	Myrasjøen	26	5	E9
	I eit sjøhus nede ved Myrasjøen, dreiv Ole Andreas Myren med røyking av sild, som han selde til Bergen. Han hadde over 10 mann i arbeid i den mest travle tida under vintersildfisket. Etter 1920 tok dette arbeidet slutt.			
181	Myraneset	26	5	E9
182	Skiftesdalen	30	5	E9
183	Leirholneset	26	5	E9
184	Heio	30	5	E9
185	Tolo	30	5	E9
186	Geitaneset	30	5	E10
187	Buteshillaren	32	3	D6
	Er et kulturminne som er datert Bronsealder – Jernalder. Busetjing – aktivitetsområde. Under hellaren er det funne flint og kvartsitt,ein eldstad, kokegrop og trekolholdige lag.			
188	Kullfremstillingsanlegg	32	3	D6
	Dette er et kulturminne som er datert høymiddelalder, består av ein kolgrop.			
189	Sætre Gard nr. 32	32	1	D7
	Sætre Indre, ligg nordanfor Siggjo, ut mot Stokksund i aust. I sør grensar garden til Myro, Spissøy nedre, Siggjarvågen og Sølvrusto, i vest til Ersland og Mækjebakken, i nord til Ørevik og Follerøy. Garden har i eldre tid vore seter til ein annan gard, derav namnet. Det er ikkje sagt noko om kva gard det var. Namnet på garden har vore skrive mykje likt ned gjennom tidene. I 1567 Setter, i 1664 Sæter, i 1665 Sæthre, i 1711 Zetre, i 1716 Sætre, i 1727 Zætre og i 1838 Sætre indre. Under Sætre indre låg 3 husmannsplasser, nemleg Baståsen, Bakken og Sandvegen/ Hålo.			
190	Botn	32	1	D7
191	Vesthadlo	32	1	D7
192	Gjerdsåsen	32	1	C7
	Vanskeleg å seia eksakt kvifor staden har dette namnet. Har truleg samanheng med Gjertaplassen og at det då er same Gjert det er tale om.			
193	Sætra tjødno	32	1	C7
194	Sætrabuo/ Pumpehuset	32	9	C8

Utskild til Foldrøy Vassverk i 1974. Pumper montert i huset for vannforsyning fra Sætravatnet til Foldrøybygda.

195	Sætravatnet	32	1	C8
196	Bjørkehaugen	32	1	C8
197	Tystehaugen	32	1	D8
198	Tystetjødno	32	1	D8
199	Jornehaugen	32	1	E8
200	Lambagjerdet	32	1	D8
201	Setradalen	32	1	D8
202	Hullet	32	1	D8
203	Brakåstjørna	26	3	D9
204	Brakåsen	32	1	C9
205	Eldhuset	32	1	C9
206	Det røde hav	32	1	C9
207	Søra åsen	26	4	D9
208	Hundakleiva	30	5	D9
209	Kabbrettedalen	32	1	C9

Dette er eit svært gammalt namn som kan ha fleire tydingar. Kabbretta er den grumsete, brunfarga vellingein ein får når ein kokar brunost av myse. I dette området er det mange myrar og tjørn som har bekkar ned til Holmedalsvatnet. I desse myrane er det myrmalm som har omlag samme fargen som kabbretta. Dette kan gje grunnlag for namnet. Ei anna tyding kan vera kabb eller kubbe i tydinga kort eller breivaksen. Kabbrettedalen kan då rett og slett bety den korte, rette dalen.

210	Kolneshaugane	30	1	D10
211	Åstjørna	30	1	D10
212	Straumtjørna	30	1	D10
213	Austre Åsen	31	1	C11
214	Baståsen	32	2	B7

[Link til informasjon om Baståsen Stadsnamn | Foldroy.no](#)

Namnet kjem frå bast, og tyder på at det har vakse lind på denne staden. Det var nemleg fibrane av Lindetreet som vart nytta til å fletta bastetog av.

215	Baståssåta	32	2	B7
216	Norda Steinsåstjørna	35	5	B7
217	Søra Steinsåstjørna	35	5	B7
218	Steinsåsen	35	5	B7
219	Søra Haugane	84	9	A7
220	Austra Trodlaugane	84	8	A7
221	Austra Dyrasøyshaugen	84	8	A7
222	Dyrasøylo	84	8	A7
223	Alvsvågåsen	84	21	A7
224	Futasteinen	119	4	A7

Det var mange tvistar om rettane mellom oppsitjarane på Ersland og Mækjebakken. Den viktigaste rettsaka om desse rettane vart halden i 1722. Dommen i saka vart kunngjort av sorenskrivaren/ futen frå toppen av denne steinen.

225	Steinsåsvatnet	35	5	B7
226	Blåbæråsen	32	1	B8
227	Olatjødno	7	1	A9
228	Nora Sølvrusteklubben	40	19	B9
229	Skrivarberget	7	1	A9

Dette er ein plass som konfirmantane frå Foldrøy, Siggjarvåg og Ersland møttes på vei til konfirmasjons undervisning hos presten på Finnås. Dei rissa namna sine inn i dette berget.

230	Sølvrustebekjen	7	1	A10
231	Nystemmtjødno	32	1	B9
232	Nyastemmo	40	34	B9

Ei stemme er det samme som ein demning. Tidlegare hadde mange gardar eigne sager og kverner som blei drivne av flaumvatnet om hausten. I bekken som går frå Sætravatnet ned til Holmedalsvatnet har Sætre-garden hatt si kvern/sag. I søre delen av Sætravatnet er det restar etter ei oppdemming. Lenger ned finn me Nyastemmo. Ved hjelp av to demningar kunne dei meir effektivt regulera Flaum vatnet om hausten til saging av tømmer og maling av korn. Det er enno litt restar etter eit kvernhus nedanfor Nyastemmo.

233	Holmedalsvatnet	40	24	B10
-----	-----------------	----	----	-----



Nr.	Namn	Gr.nr	Br.nr	Kartrute
234	Krøkneset	30	1	B11
235	Laksakaret	30	1	B11
	Holmedalsvatnet og Finnåsvatnet ligg om lag 25m høgare enn sjøen i Finnåsvika. Det smale eidet mellom dei to vatna heiter frå gammalt av, Laksakaret. Namnet fortel oss at det har vore fanga laks i Finnåsvatnet og Holmedalsvatnet i eldre tider. Kar tyder nok i denne samanhengen ei oppdemming. Her var det demt opp og sett ut ein fangstreiskap, truleg ei merd eller ei ruse for å fanga laks og sjøaure som kom opp frå sjøen. Så har dei truleg prøvd å jaga fisken inn i den oppsette fangst reidskapen.			
236	Sølvrusta	40	29	B11
237	Søra Sølvrusteklubben	40	1	A11
	Rust tyder ein skogkledd åsrygg med skråning til begge sider. Sølv kjem truleg av at dei har funne kråke sølv i området, eller kanskje av fargen på åsen ein solskinsmorgon.			
238	Sølvrustekjosen	7	1	A10
239	Finnåsvatnet	7	1	A10
240	Trongahaugane	7	1	A9